

1. klassingane sin kjempedag med ordføraren!

26.11.2015



Bollebaking er topp!!!

I dag fekk førsteklasingane på Uskedal skule veldig kjekt besøk. Det var sjølvaste ordførar Peder Sjo Slettebø som var hos dei halve skuledagen. I dag var han verkeleg Peder Bakar på sitt beste. Samarbeidet gjekk kjempefint, og saman baka dei bollar av fleire slag. Masse bollar!!

Det var så flinke å baka at det vart så mykje bollar at dei kunne spandera. Både fadrane til førsteklasingane og andre fekk knallgode bollar. Det vart ein skuledag som elevane aldri kjem til å gløyma. Heldigvis tok Kvinnheringen opp video av storhendinga. Ved å klikka [på denne lenkja kan de sjå den kjekke videoen.](#)

Eg trur det er mange førsteklasingar i Uskedalen som i dag har bestemt seg for å verta bakarar når dei vert store! Veldig flott gjort av ein travel ordførar!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Kvinnheringen